

Breim Bygdeutviklingslag
v/Reiel Felde
6826 Byrkjelo

Byrkjelo 20.05.2007

Gloppen kommune
6823 Sandane

Uttale om framlegg til kommuneplan for Gloppen 2007-2019

Breim Bygdeutviklingslag har fylgjande hovudsynspunkt som blir utdjupa nedanfor:

1. Vi er samde i planframlegget om at kommunen må definere seg som omstillingskommune og nytte ressursar og kompetanse for å skape arbeidsplassar. Men vi meiner ein ikkje berre må satse på større produksjonsverksemdar etter modell av Årdal/Høyanger.
2. Breimsbygda vil invitere resten av kommunen med på ei ambisiøs reiselivsmålsetjing om å bli ein Opplevingskommune i nasjonal og internasjonal samanheng innan 2019.
3. Kommuneplanen må fokusere på både fyrstårn og mangfald. Knoppskyting og samarbeid mellom småbedrifter er like viktig som einssidig fokus på store fyrstårn.
4. Bu- og tomtespørsmål – planlegging for tilflyttingskampanje. Vi foreslår ein nasjonal tilflyttingskampanje bygd på erfaringar frå andre kommunar og regionar, i tillegg til tilflyttingskampanjen retta mot Nederland.
5. Beste entrepenørskapskommune i landet for barn og ungdom i 2019. Auka entrepenørskapsatsing i skulen er viktig for å skape "bli verande"-lyst. Forsking viser at dei som er med i bedrifter i skuletida også oftare startar bedrifter som vaksne
6. Gloppen 2019 - Leiande energikommune basert på eigne ressursar. Gloppen kommune har store unnytta energiressursar, særleg innan vasskraft og skog. Det er viktig å nytte desse ressursane både til produksjon og vidareforedling.
7. Gloppen – Opplevingskommunen
Oppleving er eit sentralt ord i reiselivssamanheng. Folk må også *oppleve* at alle dei fine målformuleringane i langtidsplanen og liknande dokument blir oppfylt. Å bruke *Opplevingskommunen* som visjon for Gloppen vil difor innebære ei sterk forplikting til å vere ein kommune som omset ord til handling. Ein kommune der folk *opplever* glede, trivsel, tryggleik og tiltak.

(Planframlegget har berre eitt bilete; ei framside med monument og bygningar utan eit menneske, dyr eller eit einaste grønt strå. Vi går ut frå den endelege utgåva vil vise eit større mangfald. Eventuelt at det blir utarbeidd ein kortversjon).

Utdjupande kommentarar:

1. Gloppen som omstillingskommune

Breim Bygdeutviklingslag har merka seg formuleringa i planframlegget om at:

”Gloppen kommune må sjølv definere seg som omstillingskommune og nytte ressursar og kompetanse på å få større produksjonsverksemdar til å etablere seg i Gloppen, jfr. omstillingsarbeidet i Årdal/Høyanger”. (s.18).

Vi er samde i at perioden 2007-2019 blir ein heilt avgjerande periode for Gloppen. Nett no er det størst uvisse rundt kraftarbeidsplassar og landbruk og næringar som leverer varer og tenester til desse.

Men vi kan ikkje sjå at framlegget til langtidsplan i tilstrekkeleg grad tek omsyn til og gjer dei nødvendige grepa for å møte desse utfordringane.

Det er altfor defensivt når planen seier (pkt 4.2.2 s 30) at *”Bemannings situasjonen på næringsaker tilseier at gjeldande plan er for ambisiøs”*.

Ambisjonane i planen kan ikkje verkeleggjerast utan vilje til å betre bemanningssituasjonen.

2. Gloppen 2019 – Opplevingskommune i nasjonal samanheng

Vestlandsforskning og Høgskulen har nett gått saman om eit nasjonalt forskningssenter for geoturisme og berekraftig reiseliv, med Stortinget sin næringskomite som deltakarar på opninga.

Breim er med i fylket sitt 3-årige bygdeutviklingsprosjekt med hovudvekt på *”Naturbasert reiseliv for alle. Utvikling av ei nasjonal merkevare”*. For oss vil det vere naturleg å samarbeide med det nye forskningssenteret, på same måten som med fylkesprosjektet om Utmarksbasert reiseliv o.a.

Vi meiner difor at planformuleringa:

”Utmarksbasert reiseliv er også eit aktuelt satsingsområde, men dette er førebels på eit så tidleg stadium at det ikkje har fått vesentlege synlege konsekvensar i arealplanen”(s. 19).

må endrast.

Gloppen-eventyret var eit pioner-prosjekt når det galdt naturbasert reiseliv. Eit prosjekt mange meiner mislukkast av di det var for tidleg ute.

Heile kommunen har nyttige erfaringar frå Gloppen-eventyret til i dag og mange spennande fargerike kompetansmiljø innan natur, kultur, mat, opplæring og media.

Vi i Breim vil difor invitere resten av kommunen med på eit fellesløft fram til 2019. Eit fellesløft for å etablere vår spennande Opplevingskommune i toppskiktet nasjonalt og internasjonalt når det gjeld naturbasert reiseliv for alle. Eit fellesløft bygd på prinsippa om geoturisme og berekraft.

Kvar for seg er miljøa Gloppen gjerne for små til å nå opp nasjonalt og internasjonalt – men gjennom samarbeid kan og skal vi klare å synleggjere og vidareutvikle vår fargerike og spennande Opplevingskommune innan 2019!

Vi ber difor om at kommuneplanen på dette punktet blir meir offensiv og at den synleggjer både det vi har i dag og set opp mål å strekke seg etter. Utmarksbasert reiseliv må prioriterast som satsingsområde. Prioriteringa må fylgjast opp i det vidare arbeidet med arealplanen.

3. Fyrtårn og mangfald

Kommuneplanen fokuserer på fyrtårna. Og vi treng sjølsagt fyrtårn som Næringshagen og Trivselshagen, og fyrtårn innan *Natur, miljø og kulturminne* (Punkt 3.7 s. 23) som Eidehøvdingen og og Holvikejekta.

Men vi treng og å synleggjere mangfaldet, også i ein slik kommuneplan. Eit døme:

Fylkeskommunen valde for få år sidan ut 50 spesielle kulturlandskap og kulturminne frå alle kommunane i fylket for å syne mangfaldet. Frå vår kommune valde fylket å nemne 2 - det særmerka støylslandskapet i *Kandalen* og Osmundsneset i *Hyen*.

Det vesle lokalsamfunnet i *Kandalen* har vist ei imponerende skaparkraft dei siste åra, med vilje og evne både til å ta vare på kulturhistoria og ved nyskaping. Restaurering av det gamle meieriet på Ytre Kandal/Nesstøylen og naturvennleg kraftutbygging nedst i støylselva. Skarstein galleri med kunst- og kulturarrangement. Kandal kjøtt og serveringsstaden Naustet, båtruta på Breimsvatnet. Eit område med gode tilhøve for jakt og fiske og fotturar.

Noko av det same i *Hyen* der Friluftshelga har utvikla seg til eit stor arrangement som viser spennande natur- og kulturverdiar. Og med bedriftsavleggarar som Hyen natur og friluft.

Vi meiner planframlegget no er for einsidig prega av fyrtårnsutvikling på Sandane og i dei andre sentra i kommunen. Gloppen er ein kommune med mange små næringsdrivande. Ein må synleggjere og stimulere også mindre verksemdar, vise mangfald og utviklingsmulegheitene ved betre samarbeid mellom dei mindre verksemdene.

Den Gyldne Omvei i Trøndelag og samarbeidet mellom Gardimellom-prosjektet i Gudbrandsdalen og Den Norske Turistforening er dei siste åra blitt framheva som døme på korleis samarbeid mellom mange små verksemdar kan gje nasjonal gjennomslagskraft.

4 . Bu- og tomtespørsmål – planlegging for tilflyttingskampanje

Statsminister Jens Stoltenberg sa i nyttårstalen sin i 2007 m.a.:

" I kveld vil jeg særlig framheve alle de som gir av sin tid på frivillig grunnlag: fra foreldrene som stiller på dugnad for skolekorpset og idrettslaget - til entusiastene som står bak sommerens historiske spel.

Det samme ser vi i de mange initiativene for å gjøre folk stolte av hvor de kommer fra. De som bor i Steinkjer har bestemt seg for å gjøre hjemstedet til en "åpen, lys og glad kommune". Kommuner i Nord-Østerdal og Røros-området har gått sammen om kampanjen "Flytt Hit". Med budskap om det gode liv, godt skiføre og frihet fra køer, har de lokket 25 familier til regionen.

Stor lokal stolthet og gode initiativ, frivillig innsats og fellesskap gjør det godt å bo i landet vårt".

Det er svært urovekkende at kommunen no er nede i årskull på 65 mot rundt 100 for 20-30 år sidan, og framleis minkande tal på personar i aldersgruppa 20-39 år.

Hovudskilnaden på kommunane statsministeren framhevar og Gloppen er etter det vi kan sjå ut frå nettsøk at dei synleggjer sine kvalitetar. Vi i Breim er også stolte over kommunen vår og ynskjer at kvalitetane vert synleggjort i form av ein tilflyttingskampanje!

Langtidsplanen framhevar at kommunen har rike kulturminne som tyder på at den har vore tillokkande i eldre tid. Kommunen ligg midt i verdsarven, mellom verdsarvområda Geiranger og Nærøyfjorden. Midt i Opplevingsfylket Sogn og Fjordane, i hjarta av Fjord-Noreg, verdas beste reisemål.

Mange personar har yrke som gjer at dei kan bu kvar som helst. Ein kommune som Gloppen med gode kommunikasjonar og godt oppvekstmiljø vil vere ein aktuell tilflyttingskommune for mange – om Gloppen klarar å marknadsføre kvalitetane sine.

Vi meiner Gloppen her har mykje å lære av Fjellregionen og dei andre kommunane/regionane i landet som no driv planmessige "Flytt hit"- kampanjar.

Vi har merka oss at kommunen har gjennomført ei spørjeundersøking i bustadfeltet på Byrkjelo som viser bukvalitetane der, og ser det som svært positivt at kommunen vil gjere butilhøva her betre ved ny veg til industriområdet mm.

Men Breim har ikkje enno fått dei venta tilflyttingseffektane av Tine-anlegget. *Både på Byrkjelo og Reed er det sentrumsnære solrike tomter som er svært tungdrivne som jordbruksareal. **Vi meiner desse områda må leggest ut til byggetomter i større grad enn planframlegget foreslår slik at dei som blir lokka av ein tilflyttingskampanje har rikeleg å velje mellom. Ein må og vere offensive når det gjeld utlegging av hyttefelt, utvidingsareal til campingplassane der det no er køar av folk frå andre kommunar som vil ha campingvognene plassert her.***

Når det gjeld sentrumsområda meiner vi det bør leggest særleg vekt på at eldre, funksjonshemma o.l. kan bu i gangavstand. Og at bustader for desse gruppene blir prioritert på dei mest sentrumsnære tomtene.

5. Beste entreprenørskapskommune for barn og ungdom i 2019

Vi har som nemnt ovanfor vore innom nettsidene til ein del av kommunane og regionane som har lansert tilflyttingskampanjar.

Med særleg interesse ser vi at desse kommunane køyrer eit dobbelløp:

Dei legg like stor vekt på entrepenørskap for barn og ungdom og samarbeid skule-lokalsamfunn-næringsliv som dei legg på å få folk utanom kommunen som tilflyttarar!

Gloppen kommune var for nokre år ein av fleire kommunar i eit landsprosjekt for fremjing av entrepenørskap i brei tyding. Kvar har det blitt av oppfylgning av *Entrepenørskapskommunen Gloppen?*

I vår søknad til bygdeutviklingsprogrammet la vi i Breim og stor vekt på entrepenørskap og samarbeid skule-lokalsamfunn.

Teina hønseri var første barnehagebedrifta i landet. Elevbedrifta Natur, kultur og media ved Gloppen ungdomsskule har og utmerka seg, m.a. ved å blir beste elevbedrifta i fylket nyleg.

Lærarane ved desse bedriftene har teke vidareutdanning i entrepenørskap og laga spennande prosjektoppgåver. Vi har fått løyve av forfatarane til å legge oppgåvene ut på nettsida www.breim.net Vi meiner dette er svært gode døme på korleis læring, næring, oppleving og samarbeid med foreldre og lokalsamfunn kan kombinerast.

Vi meiner Gloppen kommune i landtidsplanen må lage kommunal entrepenørskapsplan for barnehagar og skular og på andre måtar oppvurdere og styrke dette arbeidet. Forsking viser at dei som er med i bedrifter i skuletida oftare startar bedrifter som vaksne.

Vi foreslår ei konkret målsetjing om at Gloppen skal vere beste entrepenørskapskommune i landet når det gjeld barnehage og grunnskule i 2019!

6. Gloppen 2019 - Leiande energikommune basert på eigne ressursar.

Planframlegget oppgjev 190GWh som produksjon i 2005, aukande til 300 GWh medrekna dei som er under bygging eller søkt konsesjon om (s.5). Seinare i meldinga (s.18) blir det referert ei kartlegging hausten 2005 om kva planer det vart arbeidd med rundt i kommunen. Det var i alt 44 prosjekt på om lag 550GWh, eventuell utviding av eksisterande anlegg i tillegg.

Med dei anlegga som kjem på nettet no i 2007 har vi alt passert 300GWh, med moglege potensiale på 700-800GWh dersom alle planane blir realiserte.

Dersom ein får utbyggingsplanane godkjent og noverande flaskehalsar i overføringsnettet fjerna, skulle 600GWh vere realistisk innan 2019. *I så fall vil Gloppen åleine produsere om lag like mykje som Sunnfjord Energi gjer i dag, eller om lag halvparten av SFE sin noverande produksjon.*

I tillegg er Gloppen ein stor skogkommune. Kva rolle skogen vil spele vil m.a. avhenge av biopelletsprosjektet som Agro Business Park (ABP) no greier ut om.

Energi blir stadig viktigare, og vi ser det som naturleg at kommunen som i tilfellet med ABP er ein pådrivar og samarbeidspartnar for alle former for energiutvinning i kommunen. Vi meiner at med så mykje energiproduksjon/potensiale i kommunen må ein arbeide aktivt for å få krafta nytta meir lokalt, ikkje berre eksportere den som "råvare".

Det bør vurderast å skipe eit eige selskap til å arbeide med dette der kommunen er med.

7. Gloppen – *Opplevingskommunen*

”*Gloppen for glede – trivsel, tryggleik og tiltak*” som planen gjer framlegg om som visjon/slagord for Gloppen meiner vi er for langt og vanskeleg å hugse.

Oppleving er eit sentralt ord i reiselivssamanheng. Vi kan ikkje sjå at nokon andre kommunar har betre tradisjonar og føresetnader når det gjeld å skape opplevingar innanfor natur- og kulturbasert reiseliv.

Folk må også *oppleve* at alle dei fine målformuleringane i langtidsplanen og liknande dokument blir oppfylt.

Verkeleggjering av Gloppen som ”*Opplevingskommunen*” krev felles innsats frå alle innbyggjarane.

Å bruke *Opplevingskommunen* som visjon for Gloppen vil difor innebere ei sterk forplikting til å vere ein kommune som omset ord til handling. Ein kommune der folk *opplever* glede, trivsel, tryggleik og tiltak.

Vi meiner det er viktig med ein slik kort utfordrande visjon for å skape ”vi”-kjensle når kommunen no går inn i ei meir usikker men svært spennande framtid.